

Taksering.

Taksten som skal setjast skal spegla ein truleg marknadsverdi slik det står i eigedomsskattelova § 8A-2:

"Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal."

I tillegg til lovverket nyttar ein retningsliner som tek utgangspunkt i juridiske vurderingar og rettsavgjerder når takseringa vert gjennomført. Dette gjeld mellom anna for eigedomar, bygningar og driftsmidlar som ikkje kan omsetjast fritt.

Den alminnelege takseringa skal gjennomførast ved hjelp av takseringsfirma / synfaringsmenn og sakkunnig nemnd, jfr. Ullensvang herad -vedtekter for eigedomsskatt ved bruk av sakkunnig nemnd.

Skildring av takseringsmetoden:

Skattetaksten byggjer på:

- Fakta om eigedomen
- Vurderingar av eigedomen

Skattetaksten byggjer på faktaopplysningar og skjønnsmessige vurderingar :

Faktaopplysningar om adresser, areal på bygningar og tomter vert henta frå offentlege dataregister.

I tilfelle me manglar opplysning om areal, vert dette målt opp utvendig ved synfaringa.

Skjønnsmessige vurderingar tek opp både generelle forhold om eigdomsverdiar, og spesielle forhold som påverkar verdien. Dei spesielle forholda fangar me opp gjennom synfaring av kvar einskild eigedom. Synfaring vil skje sommar/haust 2013.